

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	20.04.2021
<b>Tid:</b>	09:00-16:20

*Etter at møteinnkallinga var sendt ut, vart det slutta å gjere om møte i fylkesutvalet til eit eindagsmøte i staden for eit todagarsmøte.*

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representere r	
Jon Askeland	Leiar	SP	
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG	
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	Permisjon frå 15:30-16:00
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Noralv Distad	Medlem	H	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Morten Klementsens	Medlem	UA	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representere r
Terje Søviknes (frå 15:00)	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representere r
Helge Stormoen (frå 14:50)	Terje Søviknes	FRP

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgevar politisk sekretariat/møtesekretær

**Saksliste**

<b>Utvalls- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 14/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 15/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26. mars 2021	2021/646	
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 7. april 2021	2021/646	
	<b>Skriftlige spørsmål</b>		
SI 8/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - tannhelse - oppfølging	2020/36319	
SI 9/21	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Bompenger-betaling	2020/36319	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 35/21	Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021	2020/35317	
RS 36/21	Årsrapport frå varslingsutvalet for 2020	2021/6020	
RS 37/21	Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om universell utforming i det nye fylkesbygget	2020/77152	
RS 38/21	Framdrift for alternativ innretting av revidert Bømlopakke etter vedtak i kommunestyret 22. mars 2021 - Referat frå møte 12. april 2021	2020/49137	
RS 39/21	Tildeling av tilskot til generelt vedlikehald av fylkesveg	2020/59884	
RS 40/21	Aksjonærinformasjon frå Fjord Invest Sårn AS for fjerde kvartal 2020	2020/35102	X
	<b>Politiske saker</b>		
PS 72/21	Utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune 2021 - 2033. Uttale til offentleg ettersyn	2021/7841	
PS 73/21	Eigarstyring Bybanen AS - forslag om å redusere frå sju til seks aksjonærvalde styremedlemer	2020/54631	
PS 74/21	Stortingsvalet 2021 - røystesettlar til listestillarane	2020/49095	
PS 75/21	Utpeiking av kandidatar til styre m.m. i selskap - valperioden 2019-2023	2019/11	
PS 76/21	Pilot aldersvennlig transport i Bergen	2020/44795	
PS 77/21	Klage frå Hop On AS over fylkesutvalet sitt vedtak om avslag på søknad om ruteløyve	2020/36722	
PS 78/21	Nullutsleppspilot - Prosjektorganisering av Framtidas Hurtigbåt del II	2021/2701	
PS 79/21	Konkurransenutsetting av Kystvegsekspressen	2020/35690	
PS 80/21	Høyring NOU 2020: 16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle.	2021/4203	
PS 81/21	Regional plan for Hardangervidda - Handlingsprogram for 2021-2024	2020/37508	
PS 82/21	Planprogram regional plan for klima - oppstartsvarsel og vedtak om utlegging av utkast	2021/2254	
PS 83/21	Oppfølging av verbalpunkt i budsjett 2021 om fylkeskommunal vikartjeneste		

## Godkjenningssaker

### GK 14/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag til ny sak på sakskartet:

«Ny sak

Oppfølging av verbalpunkt i budsjett 2021 om fylkeskommunal vikarteneste»

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent med merknaden over.

### GK 15/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26. mars 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Møteprotokoll frå møte 26. mars 2021 vart godkjent utan merknader.

### GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 7. april 2021

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Møteprotokoll frå møte 07. april 2021 vart godkjent utan merknader.

## Skriftlige spørsmål

### SI 8/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - tannhelse - oppfølging

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

#### Spørsmål frå Marthe Hammer (SV):

Viser til svar på spørsmål om tannhelse i fylkesutvalet 26.mars og takker for svaret. Eg har eit oppfølgingsspørsmål som eg håper også kan verte svart ut til fylkesutvalet 20.april: I kva grad når tannhelseteneste ut til dei som er i gruppe C2, eldre heimebuande som får oppfølging av kommunale tenester, og kva vert gjort for å sikre at alle som har rett til tannhelseteneste i denne gruppa, får nødvendig oppfølging?

#### Svar på spørsmålet:

Tannhelsetenesta i Vestland hadde i 2020 ein tilsynsprosent på 58 % for gruppe C ut i frå dei opplysningane me har over tal personar i gruppa som tannhelsetenesta har fått frå kommunane. Det er meldt inn at det er 6001 personar under tilsyn i KOSTRA-rapportering for 2020. SSB har berekna at tilsynsprosenten for Tannhelsetenesta i Vestland i 2020 er på 27,3. SSB hentar sjølv inn opplysningar om talet på personar under tilsyn for gruppa eldre, langtidssjuka og uføre i heimesjukepleie. Det er ei nasjonal utfordring at talet på personar i gruppa som SSB får frå kommunane er så sprikande frå talet personar tannhelsetenesta får frå kommunane.

SSB sine tal for Sogn og Fjordane i perioden 2015-2019 viser tilsynsprosent mellom 41-50 %. Tilsvarande tal for Hordaland i same periode er ein tilsynsprosent mellom 29-48 %. På landsnivå har tilsynsprosenten i same periode vore mellom 22-33 %. I 2020 var tilsynsprosenten på landsbasis 21 %. 2020 har vore eit spesielt år med redusert drift og smitteverntiltak som har gjort at tilsynsprosenten er unormalt låg både i Vestland og nasjonalt.

Tannhelsetenesta har ikkje direkte tilgang til oversikt over kven som har vedtak *helsetenester i heimen på grunn av vedtak etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 pkt. 6 bokstav a. Helsetenester i heimen, der heimesjukepleia skjer minst ei gong i veka og har vart i meir enn 3 månadar.* Det er utfordrande å sikre at tannhelsetenesta får informasjon om kven som høyrer til i gruppa. Det er inngått samarbeidsavtale på tenestenivå og det vert jobba med å få på plass

samarbeidsavtalar på overordna nivå med alle kommunar i Vestland. Samarbeid på tenestenivå er avgjerande for å sikre informasjonsflyt mellom tenestene, då tannhelsetenesta ikkje har noko anna måte for å sikre seg informasjon om kven som høyrer til i gruppa.

Pleie- og omsorgstenesta er ansvarleg for å informere alle brukarane som fell inn i gruppa om kva rettar dei har i den offentlege tannhelsetenesta. Dei skal deretter levere utfylt samtykkeskjema, der det også går fram kontaktperson i tenesta, for å sikre god oppfølging av pasienten. Tannhelsetenesta har ikkje rett på informasjon om kven som takkar nei til tilbodet, men er avhengig av at det vert rapportert tal personar som har takka nei.

Tannhelsetenesta kallar åreleg inn til samarbeidsmøte med pleie og omsorgstenesta og tilbyr årleg undervisning. Det er ofte eigne kontaktpersonar både i pleie- og omsorgstenesta (tannkontaktar) og på tannklinikken som har fått tildelt ansvaret med å følge opp at rutinar for samarbeid vert fylgt.

Mange av pasientane i gruppe C2 har allereie ein fast privat tannlege som dei har hatt eit langt forhold til som pasient. Andre meiner at dei ikkje har behov eller at dei ikkje ønskjer hjelp på noverande tidspunkt. Det er difor ei utfordring å få informert gruppa godt nok og motivert dei til å nytta tilbodet i den offentlege tannhelsetenesta.

Det blir jobba med å finne løysingar på korleis tannhelsetenesta i større grad kan nå ut til fleire i gruppa. Tannhelsetenesta er mellom anna i gang med eit prosjekt i samarbeid med seksjon for digitalisering (stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering) og Avo (ekstern konsulent), der me ser på om det er mogleg å få digitalisert informasjonsutvekslinga mellom tenestene. På denne måten vil det vere mogleg for tannhelsetenesta å få oversikt over kven som høyrer til i gruppa og sikre at me når ut til fleire av dei som har rettar. Tannhelsetenesta er per no avhengig av ein manuell informasjonsflyt frå kommunane og andre samarbeidspartnarar for å få informasjon om kven som høyrer til i dei prioriterte gruppene. Det blir undersøkt om det er mogleg å få til digitalisering eller meir automatisering av denne informasjonsflyten. Så langt me kjenner til så er dette eit nybrottsarbeid også nasjonalt.

I rutinane for tannklinikane vert det lagt særskild vekt på at det skal undersøkast kva som er årsaka dersom ein person i denne gruppa ikkje møter, avbestiller, utset timen eller ikkje ønsker å komme lenger, slik at me i større grad kan legge til rette for at pasienten skal kunne ta i mot tilbodet frå tannhelsetenesta. Eit vidare tett samarbeid med pleie- og omsorgstenesta er eit viktig ledd i dette også.

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Helsedirektoratet ei bestilling om å utarbeide nasjonal rettleiar for gruppe C i tannhelsetenesta. Arbeidet er av ulike årsaker forseinka, men problemstillingane knytt til å gje best mogleg tenester til personane som høyrer til i gruppa er noko som det vert jobba med både nasjonalt og i dei ulike fylkeskommunane, Vestland inkludert.

## **SI 9/21 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - Bompengje-betaling**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

### **Spørsmål frå Trude Brosvik (KRF):**

Ref. tidlegare spørsmål frå FrP om Ferde og dotterselskap om ma. påfyll av kort.

I Sogn Avis står dette lesarbrevev 13.04.21: <https://www.sognavis.no/ta-ein-bomring-og-lat-han-vandre/o/5-115-612750>.

Eg ber om ei forklaring på korleis dette kan skje. Når talet på inkassovarsel er så høgt, så er det truleg meir enn at folk gløymer seg som er årsaka.

Fylkesrådmannen har konsultert Ferde AS om spørsmålet, og har fått følgjande svar frå selskapet sin kommunikasjonsdirektør Marit Husa:

### **Svar på spørsmål:**

«Hei,

*Viser til mail vedrørande eit lesarinnlegg i Sogn avis som de ber Ferde kommentere på. Me kan ikkje kommentere på einskilde saker, men har dialog direkte med kundar om saker som gjeld dei.*

*Me vil likevel gje litt generell informasjon om det som gjeld bilistar som ikkje har AutoPASS-avtale og dermed betalar full pris for alle bompengepasseringar.*

*Ferde opererer over 20 bompengeprojekt, og kvart projekt har sitt eige bankkontonummer. Før bompengereforma var kvart projekt ei eiga juridisk eining som hadde kvar sitt kontonummer. Bilar som ikkje har AutoPASS-avtale har difor fått faktura frå det bompengeprojektet der køyretøyet har passert. Dersom ein til dømes køyrer i ein eller fleire bomprosjekt i Førde, Bergen og Nordhordaland, vil ein motta tre faktura for dei ulike prosjekta, med tre ulike kontonummer. Dersom ein køyrer lite, vil det ta lengre tid før ein mottek faktura då det er ein minimum sum eller ei minimumstid per projekt før Ferde sender ut faktura.*

*Dersom ein betaler til feil kontonummer, vil beløpet automatisk verte tilbakebetalt. Det er sjølvstendig viktig å sjekke både KID og kontonummer på alle faktura ein betaler.*

*Frå 1.mai 2021 vil ei ny systemløsning verte sett i drift og alle Ferde sine bompengeprojekt vil få eit felles kontonummer.*

*Ferde har over 550.000 kundar med avtale i tillegg til mange kundar utan avtale, og sender ut om lag 4,5 millionar faktura i året. Me har stort fokus på å yte god kundeservice og hjelpe dei som av ulike grunnar har spørsmål til faktura, eller treng hjelp.*

*For øvrig; Med AutoPASS-avtale får ein alle passeringar på same faktura. Ein får også rabatt på alle passeringar, i tillegg til andre fordelar. For avtalekundar er passeringar og faktura også tilgjengeleg på MinSide.»*

## Referatsaker

### **RS 35/21 Ferde AS - første rapport til eigarane i 2021**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

### **RS 36/21 Årsrapport frå varslingsutvalet for 2020**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

### **RS 37/21 Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om universell utforming i det nye fylkesbygget**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

### **RS 38/21 Framdrift for alternativ innretting av revidert Bømlopakke etter vedtak i kommunestyret 22. mars 2021 - Referat frå møte 12. april 2021**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

### **RS 39/21 Tildeling av tilskot til generelt vedlikehald av fylkesveg**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

## **RS 40/21 Aksjonærinformasjon frå Fjord Invest Såkorn AS for fjerde kvartal 2020**

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Vart referert.

### **Politiske saker**

#### **PS 72/21 Utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune 2021 - 2033. Uttale til offentlig ettersyn**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Bremanger set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt på det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid med handlingsdel med økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

### **Avrøysting**

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Bremanger set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt på det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid med handlingsdel med økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.

#### **PS 73/21 Eigarstyring Bybanen AS - forslag om å redusere frå sju til seks aksjonærvalde styremedlemer**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar å redusere talet aksjonærvalde styremedlemer i Bybanen AS frå sju til seks, i samband med at styret skal få ein ny medlem valt av og blant dei tilsette.
2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene vert endra slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.
3. Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant røystar for desse endringane dersom dei vert føreslegne på selskapet si generalforsamling 29.04.21.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

**Silje Ekeland Bjørkly (H)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Bjørkly trådte frå under behandlinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2.

Det var 16 representantar tilstades under behandling av saka.

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar å redusere talet aksjonærvalde styremedlemer i Bybanen AS frå sju til seks, i samband med at styret skal få ein ny medlem valt av og blant dei tilsette.
2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene vert endra slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.
3. Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant røystar for desse endringane dersom dei vert føreslegne på selskapet si generalforsamling 29.04.21.

## PS 74/21 Stortingsvalet 2021 - røystesetlar til listestillarane

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

**Terje Søviknes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Listestillarane får inntil 25000 stk. gratis røystesetlar fordelt på de to valkretsane etter listestillarane sitt ynskje.»

### Avrøysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Listestillarane får inntil 25000 stk. gratis røystesetlar fordelt på de to valkretsane etter listestillarane sitt ynskje.

## PS 75/21 Utpeiking av kandidatar til styre m.m. i selskap - valperioden 2019-2023

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidat til vervet som medlem av valkomiteen i Theigedom IKS:

Medlem:

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidat til vervet som medlem av valkomiteen i Theigedom IKS:

Medlem: Trude Brosvik»

## **Avrøysting**

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Vestland fylkeskommune peikar ut følgjande kandidat til vervet som medlem av valkomiteen i Theigedom IKS:

Medlem: Trude Brosvik

## **PS 76/21 Pilot aldersvennlig transport i Bergen**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggest til rette for eldre.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.»

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.  
Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggest til rette for eldre.

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

## **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner gjennomføring av pilot for aldersvennleg transport i Bergen. Piloten vil tilby tilrettelagt transport for ei målgruppe som har vanskar med å nytte det ordinære kollektivtilbodet. Piloten skal samtidig teste ut eit transporttilbod i kombinasjon med ny teknologi. Eit viktig mål i piloten blir å finna ut korleis denne teknologien best kan leggest til rette for eldre.

Sidan piloten og skal legga til rette for andre grupper som har utfordringar med å komma seg rundt i kvardagen, vil fylkesutvalet at det vert arbeidd med eit namn på tilbodet som ikkje viser berre til ei aldersgruppe.



## **PS 77/21 Klage frå Hop On AS over fylkesutvalet sitt vedtak om avslag på søknad om ruteløyve**

Forslag til innstilling.

Klage av 27.11.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, representert av Advokatfirma Lønnum AS, over einskildvedtak gjort av fylkesutvalet i møte 29.10.20 om avslag på søknad frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum, vert ikkje teke til følgje.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021**

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet tek klagen frå Hop On AS til følgje, og er positive til å innvilge ruteløyve for Bergen sentrum.»

### **Avrøysting**

Djuvik sitt forslag fekk 5 røyster (Frp og H) og fall.  
Innstillinga vart vedteke mot 5 røyster (Frp og H).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Klage av 27.11.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, representert av Advokatfirma Lønnum AS, over einskildvedtak gjort av fylkesutvalet i møte 29.10.20 om avslag på søknad frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum, vert ikkje teke til følgje.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

**Sigbjørn Framnes (FRP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkesutvalet tek klagen frå Hop On AS til følgje, og er positive til å innvilge ruteløyve for Bergen sentrum.»

### **Avrøysting**

Innstillinga fekk 11 røyster og vart vedteke mot 6 røyster (FRP, FNB, H) for Framnes sitt forslag.

### **Vedtak**

Klage av 27.11.20 frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, representert av Advokatfirma Lønnum AS, over einskildvedtak gjort av fylkesutvalet i møte 29.10.20 om avslag på søknad frå Hop On AS om ruteløyve for Bergen sentrum, vert ikkje teke til følgje.

## **PS 78/21 Nullutsleppspilot - Prosjektorganisering av Framtidas Hurtigbåt del II**

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og gir fylkesrådmannen mandat til å halde fram med vidare samarbeid med dei andre fylkeskommunane knytt til «Fremtidens hurtigbåt del II».
2. Fylkesutvalet vedtek å signere samarbeidsavtala «Utviklingsløp for Framtidens hurtigbåt del II» med tilhøyrande vedlegg, og formaliserer med dette eit samarbeid som i tilsagnsbrevet frå Klimasats også er sett som ein føresetnad for økonomisk støtte.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å leggja fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransegrunnlaget i juni.

4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei sak om mogleg felles eigarskap for pilotmateriell og plan for og finansiering av bygg og pilotering av framtidens hurtigbåt innan utgangen av 2021.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 23.03.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Til punkt 6 i samarbeidsavtalen: Vestland fylke vil bygge ein nullutsleppspilot som etter pilot-/demonstrasjonsperioden kan gå inn i permanent drift i sambandet Florø-Måløy-Selje med lågast mogleg klimautslepp og kort reisetid. Ambisjonen er å få til ein pilot som vil sette næringslivet og det offentlege i stand til framtidig omlegging til nullutslepp på alle hurtigbåtar.»

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og gir fylkesrådmannen mandat til å halde fram med vidare samarbeid med dei andre fylkeskommunane knytt til «Fremtidens hurtigbåt del II».
2. Fylkesutvalet vedtek å signere samarbeidsavtala «Utviklingsløp for Fremtidens hurtigbåt del II» med tilhøyrande vedlegg, og formaliserer med dette eit samarbeid som i tilsagnsbrevet frå Klimasats også er sett som ein føresetnad for økonomisk støtte.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å leggja fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransegrunnlaget i juni.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei sak om mogleg felles eigarskap for pilotmateriell og plan for og finansiering av bygg og pilotering av framtidens hurtigbåt innan utgangen av 2021.
5. Til punkt 6 i samarbeidsavtalen: Vestland fylke vil bygge ein nullutsleppspilot som etter pilot-/demonstrasjonsperioden kan gå inn i permanent drift i sambandet Florø-Måløy-Selje med lågast mogleg klimautslepp og kort reisetid. Ambisjonen er å få til ein pilot som vil sette næringslivet og det offentlege i stand til framtidig omlegging til nullutslepp på alle hurtigbåtar.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2021**

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet registrerer uro frå verftsnæringa, og ber fylkesrådmannen innrette forespørselen slik at det blir god deltaking frå leverandørindustrien i prosessen vidare.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saken utsettes i påvente av et miniseminar med bransjen, ref. diskusjon i fylkesutvalget.»

#### **Avrøysting til utsetjing:**

Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

#### **Vedtak**

Saka vert utsett i påvente av eit miniseminar med bransjen, ref. diskusjon i fylkesutvalet.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

## **Avrøysting**

Innstillinga fekk 16 røyster og vart vedteke mot 1 røyst (UA).

## **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek saka til etterretning og gir fylkesrådmannen mandat til å halde fram med vidare samarbeid med dei andre fylkeskommunane knytt til «Fremtidens hurtigbåt del II».
2. Fylkesutvalet vedtek å signere samarbeidsavtala «Utviklingsløp for Fremtidens hurtigbåt del II» med tilhøyrande vedlegg, og formaliserer med dette eit samarbeid som i tilsagnsbrevet frå Klimasats også er sett som ein føresetnad for økonomisk støtte.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen om å leggja fram ei orienteringssak om status i prosjektet/konkurransgrunnlaget i juni.
4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen førebu ei sak om mogleg felles eigarskap for pilotmateriell og plan for og finansiering av bygg og pilotering av framtidens hurtigbåt innan utgangen av 2021.
5. Til punkt 6 i samarbeidsavtalen: Vestland fylke vil bygge ein nullutsleppspilot som etter pilot-/demonstrasjonsperioden kan gå inn i permanent drift i sambandet Florø-Måløy-Selje med lågast mogleg klimautslipp og kort reisetid. Ambisjonen er å få til ein pilot som vil sette næringslivet og det offentlege i stand til framtidig omlegging til nullutslepp på alle hurtigbåtar.

## **PS 79/21 Konkurransesetting av Kystvegsekspressen**

Forslag til vedtak

Rammar for konkurranse og kontrakt for Kystvegsekspressen blir som følger:

1. Det vert inngått ein kontrakt med oppstart 1. mai 2024
2. Kontrakten vil ha ein varigheit på 1 år + opsjon på forlenging i fleire omgangar
3. Det vert stilt krav om bruk av fornybart drivstoff
4. Opsjon på ulike fartskrav som fylkesutvalet kan velje mellom basert på info om kostnad og CO2-utslipp knytt til dei ulike opsjonane
5. Bruk av kvalitetskrav som sikrar at eksisterande fartøy i marknaden kan nyttast
6. Drift av pilotfartøyet handterast gjennom eigen kontrakt på seinare tidspunkt

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Rammar for konkurranse og kontrakt for Kystvegsekspressen blir som følger:

1. Det vert inngått ein kontrakt med oppstart 1. mai 2024
2. Kontrakten vil ha ein varigheit på 1 år + opsjon på forlenging i fleire omgangar
3. Det vert stilt krav om bruk av fornybart drivstoff
4. Opsjon på ulike fartskrav som fylkesutvalet kan velje mellom basert på info om kostnad og CO2-utslipp knytt til dei ulike opsjonane
5. Bruk av kvalitetskrav som sikrar at eksisterande fartøy i marknaden kan nyttast

6. Drift av pilotfartøyet handterast gjennom eigen kontrakt på seinare tidspunkt.

## **PS 80/21 Høring NOU 2020: 16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle.**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle. bidreg med mange interessante perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar.
2. Ved regionreforma pr 1. januar 2020 vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vi kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville ha vore styrka dersom dette vart innarbeidd.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

**Trude Brosvik (KRF)** sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

(a) «Tillegg - nytt punkt 2

Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiene vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.»

(b) «Alternativ punkt 1

endre "interessante perspektiv" til "gode perspektiv" (linje 2)»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Brosvik sine forslag (a) og (b) vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner at NOU 2020:16 Levekår i byer. Gode lokalsamfunn for alle. bidreg med mange gode perspektiv og viktig kunnskap som er relevant for folkehelsearbeidet i byar-/bykommunar.
2. Utan å ta stilling til alle forslag frå utvalet, vil fylkesutvalet peike på kor viktig det er med tiltak og politiske føringar som motverkar sosial ulikskap og segregering, samtidig som ein har respekt for mangfald av løysingar og kultur inn i inkluderingsarbeidet. Utvalet løftar fram familien som den viktigaste ramma rundt borna sine liv og utvikling, derfor må tiltak som støttar og styrker familiene vektleggast. Fylkesutvalet vil peike på at utfordringar om gode levekår ikkje kan isolerast til miljø knytt til innvandrarar. Men for denne gruppa vil norskkunnskapar, i tillegg til andre tiltak, vere avgjerande. Tilgang til rimelege og gode bustader og byutvikling er, saman med mogelegheit for utdanning og arbeid, kanskje dei viktigaste drivarane for betra levekår.
3. Ved regionreforma pr 1. januar 2020 vart fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar framheva som vesentleg. Vi kan ikkje sjå at denne rolla er vurdert og omtala i nemnande grad. Vi vil peike på at fleire av dei utfordringane som er utgreidd fell innanfor område der

fylkeskommunen har verkemiddel og kompetanse til å bidra. Vi meiner utgreiinga ville ha vore styrka dersom dette vart innarbeidd.

## **PS 81/21 Regional plan for Hardangervidda - Handlingsprogram for 2021-2024**

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget i Vestland vedtek med heimel i plan- og bygningslova §8-1 *Regional plan for Hardangervidda. Handlingsprogram for 2021-2024.*
2. Fylkestinget i Vestland oppfordrar Hardangerviddarådet til å prioritere tiltakspunkt 10 om CWD/skrantesjuke særleg høgt.
3. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til å vidareføre samarbeidsavtalen med Viken fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune for oppfølging av regional plan, for åra 2021-2024.
4. Det vert forutsett likelydande vedtak i pkt. 1- 3 i Viken fylkesting, og i Vestfold og Telemark fylkesting.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget i Vestland vedtek med heimel i plan- og bygningslova §8-1 *Regional plan for Hardangervidda. Handlingsprogram for 2021-2024.*
2. Fylkestinget i Vestland oppfordrar Hardangerviddarådet til å prioritere tiltakspunkt 10 om CWD/skrantesjuke særleg høgt.
3. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til å vidareføre samarbeidsavtalen med Viken fylkeskommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune for oppfølging av regional plan, for åra 2021-2024.
4. Det vert forutsett likelydande vedtak i pkt. 1- 3 i Viken fylkesting, og i Vestfold og Telemark fylkesting.

## **PS 82/21 Planprogram regional plan for klima - oppstartsvarsel og vedtak om utlegging av utkast**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for Regional plan for klima på høyring og offentlig ettersyn, jamfør plan- og bygningsloven § 4-1 og § 8-3. Høyringsfrist er sett til 18. juni 2021.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021**

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Nytt namn : Regional plan for klima og naturmangfald.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, UA) og fall.

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for Regional plan for klima på høring og offentlig ettersyn, jamfør plan- og bygningsloven § 4-1 og § 8-3. Høringsfrist er sett til 18. juni 2021.

## PS 83/21 Oppfølging av verbalpunkt i budsjett 2021 om fylkeskommunal vikartjeneste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Viser til følgende verbalpunkt i budsjettet for 2021:

"Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket".

Fylkesrådmannen skisserte i RS 7/2021 (utval for opplæring og kompetanse 17. februar 2021) en god prosess for hvordan vedtaket skal følges opp frem mot endelig saksbehandling. På bakgrunn av denne saken fremmes følgende tilleggsbestilling:

- Fylkesrådmannen oppfordres til å gå i dialog med Bergen kommune og eventuelle andre utvalgte kommuner som er interessert i et mulig samarbeid om en offentlig bemanningstjeneste. Spørsmål knyttet til kompetansebygging, eksempelvis gjennom Fagbrev på jobb og andre relevante ordninger, bør også være en del av drøftingene.»

## Avrøysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Viser til følgende verbalpunkt i budsjettet for 2021:

"Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigenregi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket".

Fylkesrådmannen skisserte i RS 7/2021 (utval for opplæring og kompetanse 17. februar 2021) en god prosess for hvordan vedtaket skal følges opp frem mot endelig saksbehandling. På bakgrunn av denne saken fremmes følgende tilleggsbestilling:

- Fylkesrådmannen oppfordres til å gå i dialog med Bergen kommune og eventuelle andre utvalgte kommuner som er interessert i et mulig samarbeid om en offentlig bemanningstjeneste. Spørsmål knyttet til kompetansebygging, eksempelvis gjennom Fagbrev på jobb og andre relevante ordninger, bør også være en del av drøftingene.